




Stranda kommune

Næring / Teknisk

Tilbod på vintervedlikehald av vegar i Stranda Kommune. Perioden 2017 - 2021





STRANDA KOMMUNE

Næring og Teknisk

PRISTILBOD FOR INNLEIGE MASKINER TIL VINTERVEDLIKEHALD - TILBODSGRUNNLAG FOR STRANDA KOMMUNE

Orientering og generelle reglar

1. TILBOD

Stranda kommune v/ Næring/Teknisk ønskjer tilbod på innleige av maskiner til brøyting, rydding og strøing i samanheng med vintervedlikehaldet på det kommunale vegnettet, samt brøyting til private etter behov innanfor kvar enkelt rode. Oppsett over privat brøyting blir utsendt ved sesongstart. Mengda av brøyting til private kan variere sterkt frå rode til rode, dessutan kan det variere frå år til år.

Teknisk ønskjer tilbod på roder etter oppsett. Tilbyder må vurdere kva for utstyr som eignar seg på dei/den roda tilbodet gjeld. Stranda kommune vil vurdere om det utstyret som kvar enkelt tilbydar skal bruke er eigna til arbeidet. Roder kan bli justert dersom det er hensiktsmessig.

Oppdragsgjevar	Stranda kommune
Kontaktperson	Olger Teigen
Postadresse	Øyna 13, 6200 Stranda
Besøksadresse	Ødegårdsvegen
E-post	olte@stranda.kommune.no
Telefon	46411038

Stranda kommune tek atterhald i budsjetthandsaminga i kommunestyret.

2. TILBODETS LENGDE

Tilbodstid: 4 år, 01.11.2017 -30.04.2021

Tilbodet skal gjensidig kunne seiast opp med 3 mnd. varsel, dersom oppseiinga kan vere forhold som partane ikkje hadde kjennskap til ved kontraktinngåing. Kontraktøren kan ikkje sei opp avtalen i tidsrommet 1. juli - 1. februar.

3. KUNNGJERING

Anbodet er kunngjort i DOFFIN-database, sjå www.doffin.no

Verdien av kontraktene samla sett er vurdert til å vere over terskelverdien på 1,1, mill kroner og tilbodet vert handsama etter del I og III i anbudsregelverket, jf *lov om offentlige anskaffelser av 16 juni 1999*, med tilhøyrande *forskrift om offentlige anskaffelser av 15 juni 1999*. Sist endra ved forskrift 20 desember 2016 nr 1744.

Regelverket finn ein på webadresse: www.lovdata.no

I denne konkurransen gjeld forskrifta sine delar I og III sidan venta verdi av anskaffinga vil overstige EØS sin terskelverdi jf FoA § 5-1 (1).

Konkurransforma er open anbudskonkurranse i samsvar med FoA § 13-1.

Det vert i utgangspunktet ikkje gjennomført forhandlingar. Tilbydar må kome med sine mest konkurransedyktige vilkår når han leverer tilbodet. Oppdragsgjevar vil kunne kalle inn til avklarande møte med tilbydar ved behov.

Avvik og deltilbod

Dersom tilbodet er meint å avvike frå konkurransegrunnlaget, skal dette gå klart fram av eit tilbodsbrief. Avvika skal spesifiserast, vere presise og eintydige, og skal skildre avvika på ein slik måte at oppdragsgjevar kan vurdere avvika utan å ta kontakt med tilbydar.

Tilbydar kan gje tilbod på ei eller fleire roder. Dersom ein tilbydar ynskjer å gi pris på meir enn ei rode, skal det leverast eitt tilbodsskjema for kvar rode.

4. FRAMDRIFTSPLAN

Aktivitet	Tidspunkt
Kunngjering på doffin/TED	05.07.2017
Frist for innlevering av tilbod	21.08.2017 kl 12:00
Tilbodet sendast til	Stranda kommune, Øyna 13, 6200 Stranda
Val av tilbydarar	Antatt 18.09.2017
Klagefrist	Antatt 29.09.2017
Inngåing kontrakt	Antatt 06.10.2017
Vedståingsplikt	31.11.2017

FORMKRAV TIL TILBODET

- Tilbudet må vere skriftleg.
- Tilbudet frå leverandør og tilhøyrande dokument skal vere på norsk.
- Tilbudet må vere datert og underskrive av tilbydar med adresse og telefonnummer.
- Innehalde firmaattest og skatteattest (Norske selskap).
- Utanlandske firma: dokumentasjon på at selskapet er registrert i bransjeregister eller foretaksregister slik lovgjevinga seier i det landet der leverandøren er etablert.
- Innehalde mva-og skatteattest som ikkje er eldre enn 6 månader rekna frå tilbodsfristen.
- Utanlandske leverandørar skal legge fram attestar frå tilsvarande myndigheiter som dei norske.
- Oversikt over personar/tilsette i firmaet
- Innehalde skjema for timeprisar
- Vedlagt all nødvendig dokumentasjon som:
- Forsikringsbevis på køyrety som gjeld skade på førar og tredjepart vedk. leigekøyring.
- Innehalde utfylt og signert skjema for kvalifikasjonskrav
- Innehalde utfylt og signert eitt tilbudsskjema for kvar rode tilbudet omfattar
- Det er høve til å gi ytterlegare dokumentasjon ut over krava i konkurransegrunnlaget.
- Tilbudet må sendast eller leverast på papir i nøytral konvolutt/pakke.
- Konvolutten merkast «TILBOD BRØYTING 2017-2021»

Dersom leverandøren finn at konkurransegrunnlaget ikkje gir nok rettleiing, kan leverandøren skriftleg be om tilleggsopplysningar.

Leverandøren er ansvarleg for at alle spørsmål og krav i konkurransegrunnlaget er svart på.

Innan tilbodsfristen kan oppdragsgjevar rette, supplere og endre konkurransegrunnlaget dersom endringane ikkje er vesentlege.

Rettingar, suppleringa eller endringar i konkurransegrunnlaget skal utan opphald sendast til alle som har mottatt konkurransegrunnlaget. Opplysingar om retting, supplerings og endringar vert kunngjort elektronisk på Doffin/TED.

Det vert halde lukka anbodsopning

5. VAL AV TILBOD - OG OM TILDELINGSKRITERIE

Val av tilbydar vert gjort ut frå ei totalvurdering der følgjande kriterium vert vurdert:

Kriterium	Vekt	Dokumentasjonskrav
Pris	100 %	Utfylt tilbodsskjema

Pris:

For kvar rode vert det betalt ei fast beredskapsgodtgjering. Summen er fast og er ikkje del av konkurransen. Det tilbydarane skal konkurrere på under kriteriet pris er timeprisar for vintervedlikehaldsarbeidet.

Timeprisen skal gjevast opp per time inkludert personell og materiell (per maskin med utstyr og førar).

Alle prisar skal vere i norske kroner og eksklusivt mva og inkludert alle kostnader.

Dei oppgitte prisane skal inkludere alt nødvendig arbeid som går fram av konkurransegrunnlaget.

Prisen skal inkludere det som er spesifisert, samt ytingar og kostnader av alle slag som er nødvendig for å utføre arbeidet på ein trygg måte og i samsvar med utleverte dokument, tariffavtale, lover, forskrifter og andre opplysingar gitt av oppdragsgjevar eller som tilbydar på anna måte bør ta omsyn til.

Det skal ikkje reknast ekspedisjons- eller faktureringsgebyr. Det skal ikkje reknast overtid, natt, helge- eller heilagdagstillegg. Alle slike kostnader skal vere inkludert i tilbodsprisane. Kjettinghald skal vere inkludert i prisane.

Valutaklausular vert ikkje akseptert.

Prisane tek utgangspunkt i SSB sin KPI Totalindeks pr 01.07 og skal justerast ein gong kvart år. Justeringstidspunktet er 1. november. Prisane vert justert fyrste gong pr 1 november 2018.

Krav til maskin/utstyr:

Oppdragsgjevar legg vekt på kvalitet og effektivitet. Det er viktig at materiellet er eigna for effektivt arbeid på den enkelte roda, slik at timebruken vert avgrensa. Leverandørane må opplyse om kva materiell som skal nyttast.

Minimum krevst:

- Traktor med 4x4 hjultrekk og 100hk
- Fræs
- Skjer bak og/eller plog/kommuneblad

For strøroder krevst minimum:

- 1 000 liter spreiar

5. GODTGJERING

For arbeid med traktorar og maskiner er det nytta følgjande godtgjering:

Beredskapsgodtgjering.

Utbetalt for kvar sesong uavhengig av timetal. Godtgjeringar blir betalt ut i januar for oktober, november, desember og i mars for resterande månadar.

Beredskapsgodtgjering skal dekkje telefon/mobiltelefon, beredskap i avtaleperioden, faste utgifter til bil/maskiner og alle administrative kostnader i samanheng med avtalen.

Grunnlaget for beredskapsgodtgjeringa finn ein i **MNT møte den 23.08.01 sak. 106/01 vart beredskapsgodtgjering fastsett til kr 30 000 for traktor, og kr 60 000 for lastebil/shovel pr. sesong.**

I 2016-2017 er beredskapsgodtgjersla kr 42 200 for traktor/rode pr sesong

Beredskapsgodtgjering blir justert ut frå utrekna prisstigning jf Statistisk Sentralbyrå sin KPI Totalindeks pr 01.07 og er gjeldande for påfølgjande brøytesesong.

5.2. Timegodtgjering.

I tillegg til fastgodtgjeringa skal oppgjer skje etter medgått tid etter fastsett tilbodspris. Timepris for første sesong er fast jf tilbydd timepris. For dei nest sesongane vert prisen justert ut frå utrekna prisstigning jf Statistisk Sentralbyrå sin KPI Totalindeks pr 01.07 og er gjeldande frå 01.11 påfølgjande brøytesesong.

6. MATERIELL

Tilbydar skal tilby tenester med bruk av eige utstyr. Tilbydar er ansvarleg for vedlikehald og reparasjon av eige utstyr. Tilbydar skal sjølve halde slitestål til skrapar og fresar. Desse skal vere av typen isskjer/perforent stål som gir riller i overflata etter brøyting.

HANDSAMING AV TILBODA

Det vert ført tidspunkt for mottak av tilboda etter kvart som dei kjem inn.

Tilbodsopning

Tilbodsopninga vil ikkje vere offentleg.

Avvising på grunn av tilhøve ved leverandøren

Oppdragsgjevar skal avvise leverandørar dersom vilkår i FoA § 9-5, 1. ledd er oppfylt. Oppdragsgjevar kan avvise leverandørar dersom vilkår i FoA § 9-5, 2 ledd bokstav a-f er oppfylt.

Avvising på grunn av tilhøve ved tilbudet

Oppdragsgjevar skal avvise tilbod dersom vilkår i FoA § 9-6, 1 ledd er oppfylt
Oppdragsgjevar kan avvise tilbod dersom vilkår i FoA § 9-6, 2 ledd er oppfylt.

Retting av openberre feil

Dersom oppdragsgjevar blir merksam på openberre feil i tilbudet, blir desse retta dersom det ikkje er tvil om korleis feilen skal rettast.

Avlysing av konkurransen og totalforkasting

Oppdragsgjevar tek atterhald om rett til å avlyse heile eller delar av konkurransen eller forkaste alle tilboda dersom det føreligg sakleg grunn. Sakleg grunn kan til dømes vere at kostnadane på heile eller delar av prosjektet blir høgare enn budsjettert.

7. FORSIKRING OG ANSVAR

Tilbyder er sjølv ansvarleg for at dei nødvendige forsikringar på køyretøy (traktor/maskin) er teikna. Det kan ikkje påreknast at tap ved såkalla "hendeleg uhell" vil bli dekt ved billighetserstatning. Skader som påførast tredjemann under arbeid i avtaleperioden, vil vere tilbydar sitt ansvar.

8 ØVRIGE VILKÅR

Maks tilkøyringstid til rodene er 20 minutt.

Stranda kommune har rett til å forandre både lengde og talet på roder i perioden.

Kontraktøren pliktar å utføre arbeidet i samsvar med særskilde vilkår/retningslinjer for snøbrøyting m.m. som er vedlagt.

Tilbyder eller førar pliktar å halde mobiltelefon i køyretøyet.

9. STRØING

Strøing gjeld for både kommunale og private vegar.

10. STENGDE VEGAR VED RAS ELLER ANNA:

Når vegane er stengt eller brøytar vurderer at vegen bør stengast skal det straks takast opp med overbefalsvakta i brannvernet på tlf. 481 04 671.

Spørsmål vedkomande tilbodsgrunnlaget rettast til:

Olger Teigen 46411038

TILBOD SNØBRØYTING/- RYDDING

Underteikna gir med dette tilbod på vintervedlikehald av vegar
I tidsrommet 15.10.17 - 30.04.21

Namn.....

Adresse.....

Type traktor /årsmodell.....hk.....

Type traktor /årsmodell.....hk.....

Utstyr.....

.....

.....

Alt utstyr, samt eventuelt lesseapparat skal vere med i timeprisen.

Timepris **Traktor** Type..... kr.

Timepris **Traktor** Type..... kr.

Timepris Eventuell uoppdekt rode..... kr.

(innanfor 20 minutt tilkøyring)

Nr. på roda.

Strøing blir tildelt etter behov- dvs ein tilbydar kan få tilbod om å strø ei eller fleire roder basert på pris.

Timepris strøing Type..... kr.....

(minimum 1 000 liter spreiar)

Vedlegg til tilbodet: Sjå tabell med formkrava

Evt. andre opplysningar

.....

.....

Stad..... Dato.....

Namn..... Tlf.....



STRANDA KOMMUNE

Næring og Teknisk

REGLEMENT FOR BRØYTING AV OFFENTLEGE VEGAR STRANDA KOMMUNE

1. Brøytaren skal gjere seg kjent med roden før sesongen startar.
2. Vegane skal vere gjennombrøyt til arbeidstid start.
3. Minimum snømengde før brøyting igangsett skal vere 10 cm.
4. Viss det på grunn av uver, ras eller andre årsaker ikkje er mogeleg å utføre brøyting, skal teknisk etat varslast snarast råd. Kommunalteknikk skal også varsles ved vegskader eller andre forhold som kan vere trafikkfarlege.
5. Brøytaren skal under brøyting vise hensyn til annen trafikk og vegens naboar, slik at desse ikkje blir påført skade. Kommunen er utan ansvar for skader som brøytaren påfører seg sjølv, si maskin, utstyr under brøyting/rydding/strøing eller anna arbeid. Brøytaren er ansvarleg for skader som påfører tredjemann.
6. Blinkande gult varsellys skal alltid benyttes ved brøyting, strøing og snørydding, men ikkje ved tomkjøring med sandstrøer så fremt bredda ikkje er over 2,5 m.
7. Ved brøyting skal følgjande prioritering leggjast til grunn: Hovudvegar- gangvegar- samlevegar og snuplassar. Til slutt sidevegar og stikkvegar.
8. Vegar som har stigning mot hovudveg skal prioriterast innanfor sin kategori der dette ikkje seinkar brøytinga totalt sett.

ALLE SPØRSMÅL SOM GJELD BRØYTING RETTAST TIL Næring og Teknisk

VAKT TELEFON: 911 79 875 (Kveld/Helg)

TLF.: 70 26 80 00/ 464 11 041 (Dagtid)



STRANDA KOMMUNE

Næring / Teknisk

REGLEMENT FOR BRØYTING AV PRIVATE VEGAR I KOMMUNAL REGI I STRANDA KOMMUNE

1. Berre dei som har søkt og fått innvilga søknaden får brøyt. Hovudutvalet bestemmer kven som skal få brøyt.
2. Brøytaren skal ikkje brøyte i kommunal regi for andre enn dei som har fått innvilga brøyting.
3. For å få brøyt må vegen vere i den stand som kommunen krev. Det skal vere mogeleg å snu brøyteredskapen.
4. Alle som bur til samme veg må betale for at vegen skal verte brøyt. Brøytaren må kontrollere slike forhold og gje tilbakemelding til teknisk etat.
5. Brøytaren må gje melding om nokon har fått innvilga brøyting på vegar som vanskeleg kan brøytast.
6. Kommunen er ikkje ansvarleg for skade på gjerde, busker, steingardar og tre som står langs vegen. Kommunen er heller ikkje ansvarleg for grus og stein som kan bli hivd ut over mark som fylgje av brøytinga.
7. Det kan ikkje krevjast brøyt til noko bestemt tid.
8. Brøytaren skal ikkje rykke ut for brøyting, før det er lagt ned minst 10 cm snø.
9. Det vert ikkje rydda snuplassar til anna formål enn det som trengst for å snu brøyteredskapen.
10. Føresetnaden for at kommunen tek på seg brøyting for private, er at det kan skaffast brøytar.
11. Kommunen kan stoppe brøytinga til private som har fått innvilga brøyting, dersom det oppstår forhold i forbindelse med brøytinga som kommunen ikkje kan akseptere.
12. Tvistespørsmål vedk. brøyting vert avgjort med endeleg verknad av MK.



Vedlegg 4: Skjema for kvalifikasjonskrav

NB: Fyll ut skjemaet fullstendig, eller nytt vedlegg.

1. Firma.....

- | | | | |
|--------------------------------------|-----|--------------------------|--------------------------|
| 2. Skatteattest for skatt er vedlagt | 1-1 | | (Sett kryss og legg ved) |
| 3. Skatteattest for mva er vedlagt | | <input type="checkbox"/> | (Sett kryss og legg ved) |
| 4. Firmaattest er vedlagt | | <input type="checkbox"/> | (Sett kryss og legg ved) |
| | | <input type="checkbox"/> | (Sett kryss og legg ved) |

5. Kort utgreiing om verksemda si omsetjing og økonomiske situasjon siste 3 åra, eventuelt utdrag frå siste tilgjengelege årsrekneskap (rekneskap kan alternativt leggast ved)

6. Kort utgreiing om korleis oppdraget er tenkt bemanna og utført

Stad/dato: _____ Signatur: _____

RAMMEAVTALE

Vedkommande

VINTERVEDLIKEHALD I STRANDA KOMMUNE 2017-2021

mellom

STRANDA KOMMUNE

(heretter kalt *Stranda kommune*)

og

(heretter kalt *leverandøren*)

for perioden 15.10.17 til 30.04.21

Som ein del av avtalen følger:

- Vedlegg 1: Stranda kommunes anbodsvilkår.
- Vedlegg 2: *Leverandørens* prisskjema.
- Vedlegg 3: Reglement for vintervedlikehald av kommunal veg i Stranda kommune.
- Vedlegg 4: Reglement for brøyting til private i kommunal regi.

Denne rammeavtale er økonomisk forpliktande for *Stranda kommune*.

Avtalen er undertekna i 2 eksemplar der kvar av partane beheld eit.

For *Stranda kommune*:

For *leverandøren*:

Stranda, den2017

Stranda, den2017

Kontaktperson hos Stranda kommune:

Navn: Stranda kommune
Adresse: ved Olger Teigen
Tlf.: 46411038
Epost: olte@stranda.kommune.no

Kontaktperson hos *leverandøren*:

Navn:
Adresse:
Tlf.:
Epost:

1. OMFANG

Denne avtalen administrerast av Stranda kommune, kommunalteknikk. Avtalen gjelder for levering av Vintervedlikehald 2017 – 2021 .

2. Avtalens lengde

Avtalen gjelder i perioden f.o.m. 15.10.17 t.o.m. 30.04.21.

Praktisering av avtalen

3. MATERIELL

Tilbydar skal tilby tenester med bruk av eige utstyr. Tilbydar er ansvarleg for vedlikehald og reparasjon av eige utstyr. Tilbydar skal sjølve halde slitestål til skraper og fresar. Desse skal vere av typen isskjer/perforert stål som gir riller i overflata etter brøyting.

4. FORSIKRING OG ANSVAR

Tilbyder er sjølv ansvarleg for at dei nødvendige forsikringar på køyretøy (bil/maskin) er teikna. Det kan ikkje påreknast at tap ved såkalla "hendeleg uhell" vil bli dekt ved billigheitserstatning. Skader som påførast tredjemann under arbeid i avtaleperioden, vil vere tilbyder sitt ansvar.

5. GODTGJERING OG BEREDSKAP

I MNT møte den 23.08.01 sak. 106/01 vart beredskapsgodtgjering fastsett til kr. 30.000 for traktor, og kr. 60.000 for lastebil/shovel pr. sesong.

I 2016-2017 er beredskapsgodtgjersla kr 42 200 for traktor/rode pr sesong. Ein viser til detaljar i konkurransegrunnlaget.

Beredskapsgodtgjering blir justert ut frå utrekna prisstigning ihht Statistisk Sentralbyrå sin KPI Totalindeks pr 01.07 og er gjeldande for påfølgjande brøytesesong

5.1. TIMEGODTGJERSLE.

I tillegg til fastgodtgjeringa skal oppgjer skje etter medgått tid etter fastsett tilbudspris. Timepris for første sesong er fast ihht tilbydd timepris. For dei nest sesongane vert prisen justert ut frå utrekna prisstigning ihh Statistisk Sentralbyrå sin KPI Totalindeks pr 01.07 og er gjeldande frå 01.10 påfølgjande brøytesesong.

6. BETALINGSVILKÅR

Betalingsvilkåra er: *Netto pr. 30 dagar*. Det er et vilkår for betaling i rett tid at faktura er komme fram til Stranda kommune og at innsendte timeliste er godkjent av kommunalteknikk.

Det skal ikkje beregnes noen form for gebyr eller tillegg, i form av ordre-, faktura-, ekspedisjonsgebyr etc.

Beredskapsgodtgjering blir utbetalt **etter rekning frå leverandør** med betalingsfrist i januar og mars.

Eventuell morarente skal reknast etter morarenteloven.

7. STENGDE VEGAR VED RAS ELLER ANNA:

Når vegane er stengt eller brøyttar vurderer at vegen bør stengast skal det straks takast opp med overbefalsvakta i brannvernet på tlf. 481 04 671.

8. TRANSPORT AV AVTALEN

Ingen av partane kan overføre noen del av sine rettigheter eller plikter etter denne avtale til andre utan skriftlig godkjenning frå den andre avtaleparten.

9. GENERELLE VILKÅR

Det kan ikkje påreknast at tap ved såkalla "hendeleg uhell" vil bli dekt ved billigheitserstatning. Skader som påførast tredjemann under arbeid i avtaleperioden, vil vere tilbyder sitt ansvar å ordne opp i.

10. ØVRIGE VILKÅR

Stranda kommune har rett til å forandre både lengde og talet på roder i perioden.

Kontraktøren forpliktar seg til å utføre arbeidet i samsvar med særskilde vilkår/retningslinjer for snøbrøyting m.m. som er vedlagt.

Tilbyder eller førar pliktar å halde mobiltelefon i køyretøyet.

11. STRØING

Strøing kan bli lagt inn i på private vegar, dersom det blir gjort politisk vedtak om det.

12. HEVING AV AVTALEN

Ved vesentlig mislighald av avtalen gis partane rett til skriftlig å heve avtalen.

Stranda kommune kan si opp avtalen straks dersom **leverandøren** sine produkt ikkje held de krav til kvalitet som avtalen forutsetter.

13. OPPSEIING

Kontrakten kan gjensidig seiast opp med 3 månaders varsel.

Leverandøren kan ikkje seie opp avtalen i tidsrommet 1. juli - 1. februar i kvart kalenderår.

14. TVISTAR

Norsk lov gjelder for avtalen og for tilfeller som ikkje er nemnt i den. Dersom det oppstår tvist i samband med avtalen, skal tvisten prøves løyst ved forhandlingar.

Dersom slike forhandlingar ikkje fører fram, blir tvisten eventuelt å løyse ved de ordinære domstolar. Partane vedtar Sunnmøre Tingrett som verneting for slike tvistar.

15. AVVIK/ENDRINGAR

Alle avvik frå eller endringar av denne avtalen må, for å være gyldige, føreligge skriftlig og være underteiknet av begge parter.

RODELISTER

Stranda

Rode 101.

Kommunale vegar:

1. Haslevegen
2. Jakobvegen
3. Tingstadvegen
4. Andersvegen
5. Myravegen
6. Lensmannsvegen
7. Klokkarvegen
8. Komm. Veg Siem
9. Antonusvegen
10. Molia
11. Bøen

Private vegar i 2016: 24

Rode 102. Utført av Stranda kommune - Traktor/Lundberg

Kommunale vegar:

1. P- plass langs storgata
2. Fagervollvegen
3. Parkeringsareal Øyna
4. Parkeringsareal framfor og ved siden av Willebygget
5. Stranda Kai med veg og P – plass
6. Kulturhuset (Gangvegar)
7. Rådhusgata(Brøyting rundt Rådhuset)
8. Møregata
9. Bankgata
10. Solbergvegen
11. Kyrkjegarden Ødegård
12. Gangveg langs Ødegårdsvegen "Fløten"
13. Prestegardsvegen
14. Rellingbrauta
15. Parkeringsplass ved Pitings
16. Stranda omsorgsenter
17. Gangveg ved Stranda omsorgsenter

Private vegar i 2016: 9

Rode 103.

Kommunale vegar:

1. Komm. veg til Dalane – Brannstasjonen-skulebrauta
2. Snuplass ved Ousbrua
3. Ringstadskule busslomme og gangveg
4. Framhusvegen
5. Kjølås
6. Lundevegen
7. Skaugum
8. Gangveg Helsem Ole brauta
9. Sjøvegen
10. Jobrauta (til enden ved Roar Ansok)
11. Nerkleiva
12. Steinberget
13. Kvernhusvegen
14. Helsemklubben
15. Måseberget
16. Hagenesvegen
17. Dregevegen

Private vegar i 2016: 22

Rode 104.

Kommunale vegar:

1. Svemorka Industriområde
2. Sve bustadfelt
3. Svevegen
4. Gangveg Sve

Private vegar i 2016: 4

Rode 105.

Kommunale vegar:

1. Kjølvenvegen
2. Sætrevegen
3. Gardkroken
4. Smågjerdevegen (heile)
5. Øvre del av Storgjerdevegen
6. Krissenvegen
7. 3 stikkveger Storgjerdevegen
8. Gangveg Langlo III – Krissenvegen
9. Klæbolia

Private vegar i 2016: 15

Rode 106.

Kommunale vegar:

1. Storsteinvegen
2. Komm. Veg til S. Hjelle m.fl.
3. Gangveg Langlo til Ødegård krysset
4. Joslettn.
5. Ekrebakken
6. Gangveg (Ospesletta – Joslettvegen)
7. Legesletta
8. Reitevegen
9. Pettervegen
10. Tegane 3 stikkvegar
11. Bjørnestien
12. Kalvegjerde
13. Ospesletta
14. Barlia
15. Parkeringsplass Rema 1000 (kommunal del)
16. Spekematen/ Slettvoll /Åknes
17. Stranda ungdomsskule (kom.veg)
18. Ungdomskulen / vegen ned til Dalevegen
19. Veg ned til Arne Vassbotn (til ende av fotballbana)
20. Gangveg ved Hevsdalsvegen

Private vegar i 2016: 10

Rode 107.

Kommunale vegar:

1. Snuplass ved Helstad skule
2. Myklebustvegen
3. Emdalsvegen

Private vegar i 2016: 26

Rode 108.

Kommunale vegar:

1. Lievegen
2. Komm. veg Opshaug

Private vegar i 2016: 6

Brøyteliste: Utført av Stranda kommune med lastebil

Kommunale vegar:

1. Skaffarvegen
2. Ødegårdsvegen
3. Movegen
4. Fagerlivegen
5. Stadionvegen
6. Nymarkvegen
7. Ringstadvegen
8. Langlovegen
9. Storgjerdevegen til X
10. Småledbakkane
11. Tegane
12. Stranda E – verk
13. Vestborg
14. Sjøgata
15. Kyrkjegata
16. Strandvegen
17. P – plass mellom Strandbygget-helikopterlandingsplass
18. Møregata
19. Rådhusgata
20. Veg til Stranda Kai
21. Øyna
22. Kyrkjegarden Ødegård

Private vegar i 2016: 0

Sunnylven

Rode 201.

Kommunale vegar:

1. Rørhusvegen med snuplass
2. Langøyilia med snuplass

Private vegar i 2016: 14

Rode 202.

Kommunale vegar:

1. Fivelstadhaugen

Private vegar i 2016: 5

Rode 203.

Kommunale vegar:

1. Frøysavegen
2. Frøysadalsvegen
3. Hellebostadvegen
4. Åsenvegen (berre den kommunale vegen)
5. Korsebrekkevegen
6. Gammal fylkesveg (Stadion, Møbelfabrikken)
7. Veg Coop - Hegstad
8. Veg mellom Joker – Coop
9. Veg mellom Hydro og Sparebanken

Private vegar i 2016: 4

Rode 204.

Kommunale vegar:

1. Ringdalsvegen
2. Ringdalåsen byggefelt
3. Reset
4. Gangveg Reset
5. Veg til Liv Helbostad
6. Gangveg Høgebrua - Meieriet
7. Veg til Hellesylt Vassverk
8. Gamle riksveg i sentrum (frå gatekjøkkenet - Høgebrua)

Private vegar i 2016: 8

Geiranger

Rode 301.

Kommunale vegar:

1. Homlongvegen
2. Melkesletta
3. Veg til Svein Homlong (Gjørvahaugen)
4. Gjørvahaugen
5. Gjerdesletta
6. Kaihuset/ kaia
7. Veg til Odd Knivsflå
8. Brannstasjonen
9. Veg til Scheeby/ Liland
10. Brødr. Maraak

Private vegar i 2016: 12

Liabygda

Rode 401.

Kommunale vegar:

1. Ansokvegen
2. Ringset
3. Lehammarvegen
4. Liabakkane

Private vegar i 2016: 7

Rode 402.

Kommunale vegar:

1. Gangveg barnehage
2. Lied I
3. Buhaug
4. Skogvegen (gamlevegen)
5. Overå
6. Gamle Riksvegen
7. Overåneset
8. Gangveg ved Tove Lied
9. Veg Huse/ Overå

Private vegar i 2016: 8